



Arkivsaknr: 2024/5629-7
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Manger daglegvare AS - Rema 1000 Manger

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Manger daglegvare AS org.nr 927790807 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Rema 1000, Radøyvegen 1675, 5963 Manger.
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Isabell Linde Jensen, f. 12.05.90
Avløysar for løyvet: Kristian Solen, f. 22.07.98
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova §29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhalig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Manger daglegvare AS har i søknad datert 06.05.24 søkt om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28 lokalene til Rema 1000 Manger, Radøyvegen 1675, 5936 Manger. Isabel Linde Jensen er styrar for salsløyvet og Kristian Solen er avløysar. Opningstida er frå kl. 09.00 til kl. 20.00 måndag- fredag og frå 09.00 – 18.00 på laurdagar.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tilttrer (Alkoholova §1- 6). Manger daglegvare AS søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar for salsløyvet og avløysar har bestått kunnskapsprøven samsvar med alkoholova §1-7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.